

Referat frå styremøte i Hol og Hovet Menighetsråd måndag 10.oktober på Hol Menighetshus

Desse møtte: Kjell Haugo, Sveinung Hansen, Brit Kaupang, Ewa Hansehaug, Bjørn Seim og Knud Knudsen.

Følgjande hadde meldt forfall: Juliane Tverberg, Rita Nestegard, Anne Lise Sønndrål, Tanja Rudningshaugen.

Sak 42/2016 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste

Sak 43/2016 Godkjenning av referat frå styremøte 7.9.2016

Referat frå sist styremøte vart godkjent

Sak 44/2016 Regnskap Pr 30.09.2016

Det var ingen merknad til regnskapet Pr 30.09.2016 som syner eit overskott på 166 807,05 kr. Av dette resultatet er 90 000 gitt som gåve til service på orgelet i Hovet kyrkje og 40 000 kr er gitt til innvendige tiltak i Hol kyrkje.

Sak 45/2016 Status klokkarteneste

Vi er samd om å spørja dei vi har snakka om tidlegare, men før vi gjer dette lager Sveinung til ei liste på dei punkta som ein klokke skal ta seg av, dette for at alle skal få lik informasjon.

Sak 46/2016 Eventuelt

Vi gjekk gjennom følgjande saker:

- Konsert 16.10
- 50 års jubile 16.10
 - Bjørn og Brit vaskar og dekker på til samlinga på menighetshuset på sundag. Kjell skaffar ved og fyrar opp sundag morgon.
- Konsert 13.12
 - Kjell og Sveinung tek eit møte med Lars Inge for å få oversikt.
- Julebasar 3.12
- Status for arbeidet ved Hol gamle Kyrkje
- Service på orgelet I Hovet Kyrkje
- Behov for hogst ved Hol Kyrkje

Hol 10.10.2016

Kjell Haugo

Referent